

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 08.04.2021  
**Tidspunkt:** 09:00 - 10:00

## Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Leif Solemsli	Leiar	VANG
Marit Sletten	Nestleiar	LOM
Trude Brosvik	Medlem	VLFK
Kjersti Bjørnstad	Medlem	IFK
Ivar Kvalen	Medlem	LUSTER
Hilmar Høl	Medlem	ÅRDAL

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Harald Sve Bjørndal	Medlem	VÅGÅ

## Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
-		

## Merknader

Live Langøygard var kalla inn som vara for Bjørndal, men ho hadde heller ikkje høve til å møte. Bjørndal hadde før møtet sendt ein e-post med sitt syn på sakene som er til behandling.

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Eldrid Nedrelo	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO - Jotunheimen

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leif Solemsli (sign.)

Trude Brosvik (sign.)

---

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/2021	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 15/2021	Referatsaker		
ST 16/2021	Delegerte vedtak		
6/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - Øvingsplan 2021-2023 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps		2020/13768
7/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel - snødekt mark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar til sperregjerde - Storådalen beitelag		2021/2771
8/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter på Gjende - Gjendebåten		2021/3335
9/2021	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2021 - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for transport av materialar - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre		2021/3018
10/2021	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Motorbåt-, snøskuter- og helikoptertransport - Gjenoppbygging av bru over Blåtjønnåe - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn		2021/3036
11/2021	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2021 - Bruk av snøskuter på Gjende - Økosystemovervåking av store innsjøer - NINA		2021/3441
ST 17/2021	Klage på avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - dispensasjon - 2021 - bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS		2021/2477
ST 18/2021	Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Tilsyn med villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval		2021/3144
ST 19/2021	Uttale - Lom kommune - forslag til forskrift om åtfersdsreglar etter friluftsløva - forbod mot camping / overnatting ved turisthytter og andre friluftsområder - høring		2021/3723
ST 20/2021	Eventuelt		

## **ST 14/2021 Godkjenning av protokoll/innkalling**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

#### **Vedtak**

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Trude Brosvik vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

## **ST 15/2021 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

#### **Vedtak**

Ingen referatsaker.

## **ST 16/2021 Delegerte vedtak**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

Merknad frå styret: Det er ønskeleg å kunne sjå om sakene gjeld avslag eller løyve.

Svar frå forvaltarane: Der det berre står dispensasjon er det gjeve eit unntak frå verneforskrifta. I saker med avslag vil ordet *Avslag* stå i sakstittelen

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tek delegerte vedtak til orientering.

**6/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - Øvingsplan 2021-2023 - Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps 2020/13768**

**7/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Motorferdsel - snødekt mark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar til sperregjerde - Storådalen beitelag 2021/2771**

**8/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Bruk av snøskuter på Gjende - Gjendebåten 2021/3335**

**9/2021 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2021 - Motorferdsel - Bruk av snøskuter for transport av materialar - Gjertvasshytta - Luster Austre Fjellstyre 2021/3018**

**10/2021 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2021 - Motorbåt-, snøskuter- og helikoptertransport - Gjenoppbygging av bru over Blåtjønnå - Stokk & Stein - DNT Oslo og Omegn 2021/3036**

**11/2021 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2021 - Bruk av snøskuter på Gjende - Økosystemovervåking av store innsjøer - NINA 2021/3441**

## **ST 17/2021 Klage på avslag - Jotunheimen NP - Utladalen LVO - dispensasjon - 2021 - bruk av drone i forbindelse med TV-program - Nordisk Film TV AS**

### **Innstilling fra forvalter**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen opprettholder vedtak av 26.02.2021 om avslag på søknad om bruk av drone i forbindelse med filming til underholdningsprogrammet 71 grader nord i Hurrungane.

Klagen har ikke tilført saka nye momenter som ikke var kjent på vedtakstidspunktet.

Klagen blir med dette ikke tatt til følge, og sendes Miljødirektoratet for endelig avgjørelse.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen opprettholder vedtak av 26.02.2021 om avslag på søknad om bruk av drone i forbindelse med filming til underholdningsprogrammet 71 grader nord i Hurrungane.

Klagen har ikke tilført saka nye momenter som ikke var kjent på vedtakstidspunktet.

Klagen blir med dette ikke tatt til følge, og sendes Miljødirektoratet for endelig avgjørelse.

## **ST 18/2021 Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Tilsyn med villrein - Vest-Jotunheimen Villreinutval**

### **Innstilling frå forvaltar**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet til samla belastning (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

E-post frå representanten Bjørndal vart referert. Han hadde ikkje noko anna forslag til vedtak.

### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde § 4 fyrste alternativ, jf. naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknaden frå Vest-Jotunheimen Villreinutval om bruk av snøskuter for tilsyn med villrein.

I vurderinga er det lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak vil kunne kome til skade for verneverdiane og verneformålet, jf. verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde §§ 2. Føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova §9), omsynet til samla belastning (naturmangfaldlova § 10), og faren for presedens for andre liknande tilfelle.

## **ST 19/2021 Uttale - Lom kommune - forslag til forskrift om åtferdsreglar etter friluftsløva - forbod mot camping / overnatting ved turisthytter og andre friluftsområde - høyring**

### **Innstilling frå forvaltar**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har ikkje innvendingar mot at det blir innført ferdselsreglar med heimel i friluftsløva § 15 for klart avgrensa område inntil turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim i Jotunheimen nasjonalpark. Ein ser at det kan vera nødvendig for å hindre forsøpling og uhygieniske forhold, og vanskar med å ivareta eigne gjester ved bedriftene.

Det er samtidig viktig å unngå for store avgrensingar i rettane som følgjer av friluftsløva, og ein stiller spørsmål ved storleiken på areala som er foreslått som forbodssone. Det er i høyringssaka vist til at ein vil følgje naturlege avgrensingar i terrenget, og etter dette burde ein t.d. vurdere å bruke elvene Muru og Steinbuelve som avgrensing i sørvest for sonene rundt Memurubu og Glitterheim. Med for store restriksjonssoner kan det vera vanskeleg å få forståing for ordninga, jf. kravet om at det må vera eit konkret behov på det avgrensa området som skal kunne omfattast av ferdselsregulering i medhald av § 15 i friluftsløva.

Når det gjeld handheving av reglane, kan ein ikkje sjå at dette kan vera oppgåve for oppsynet i nasjonalparken. Det må vera ei sak for kommunen og dei aktuelle bedriftene å gje informasjon og føre tilsyn, i samarbeid med Statskog som grunneigar.

Ordninga bør følgjast opp med god informasjon med ei positiv tilnærming, og ikkje store forbodsskilt. Eventuelle nye skiltstativ i nasjonalparken må vurderast etter verneforskrifta.

--- slutt på innstilling ---

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

Forslag frå Trude Brosvik:

Nasjonalparkstyret meiner forskrifta legg opp til unødig stor avgrensing av allemannsretten og ber om at storleiken på områda vert vurdert på nytt.

Ein viser til formålsparagrafen i verneforskrifta, som understrekar at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Styret slutta seg til forslaget, og innarbeider dette i avsnitt to i innstillinga.

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen har ikkje innvendingar mot at det blir innført ferdselsreglar med heimel i friluftsløva § 15 for klart avgrensa område inntil turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim i Jotunheimen nasjonalpark. Ein ser at det kan vera nødvendig for å hindre forsøpling og uhygieniske forhold, og vanskar med å ivareta eigne gjester ved bedriftene.

Det er samtidig viktig å unngå for store avgrensingar i rettane som følgjer av friluftsløva. Forslaget til forskrift legg opp til unødig stor avgrensing av allemannsretten og nasjonalparkstyret ber om at storleiken på områda vert vurdert på nytt. Ein viser til formålsparagrafen i verneforskrifta, som understrekar at *«Ålmenta skal ha høve til*

*uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Det er i høyringssaka vist til at ein vil følgje naturlege avgrensingar i terrenget, og etter dette burde ein t.d. vurdere å bruke elvene Muru og Steinbuelve som avgrensing i sørvest for sonene rundt Memurubu og Glitterheim. Med for store restriksjonssoner kan det vera vanskeleg å få forståing for ordninga, jf. kravet om at det må vera eit konkret behov på det avgrensa området som skal kunne omfattast av ferdselsregulering i medhald av § 15 i friluftsløva.

Når det gjeld handheving av reglane, kan ein ikkje sjå at dette kan vera oppgåve for oppsynet i nasjonalparken. Det må vera ei sak for kommunen og dei aktuelle bedriftene å gje informasjon og føre tilsyn, i samarbeid med Statskog som grunneigar.

Ordninga bør følgjast opp med god informasjon med ei positiv tilnærming, og ikkje store forbodsskilt. Eventuelle nye skiltstativ i nasjonalparken må vurderast etter verneforskrifta.

## **ST 20/2021 Eventuelt**

# **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 08.04.2021**

## **Vedtak**

Orienteringssaker:

1. Hilmar Høl orienterte om ei sak som har vore oppe til behandling i Årdal kommune:

### **Friviljug vern av Lykkja naturreservat i Utladalen**

Årdal kommune ønskjer å foreslå at forvaltninga av området blir lagt til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.